

Alver kommune  
Samferdsel, veg-, vatn-, avløp-forvaltning  
v/Irene Wilhelmsen  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

Vår referanse: 18059-B13\_2  
Bergen, 27.11 2020

**ROMARHEIM AS.  
ALVERFLATEN BOLIGFELT OG NÆRINGSOMRÅDE.  
GNR. 137 BNR. 23, 144, 469 M.FL.  
TILLEGGSDOKUMENTASJON. SPORINGSKURVEANALYSER OG  
KRYSSUTFORMING.**

Viser til ny søknad om mellombels bruksløyve innsendt 22.09.2020 og svar fra Alver kommune av 22.10.2020, «Svar vedkomande ny søknad om mellombels bruksløyve for veganlegg» (saknr. 20/15261-20/64778), og brev fra kommunen av 04.11.2020, «Uttale for spesialtransport kv1001-Alvervegen» (saknr. 20/8357-20/70219).

Svarbrev angåande mellombels bruksløyve tek for seg problemstillingar som vart nemnd i søknaden, mens brev angåande uttale tek for seg tillating av at spesialtransport kan køyre langs kommuneveg kv1001-Alvervegen, i påvente av avklaring rundt sporingskurver for kryss i/mot FV565.

**Status på problemstillingar som er gjennomgått (sjå tidlegare søknad):**

1. Blir gjennomgått av byggesak.
2. I forbindelse med Breimyra bustadfelt held dei på med å etablere støttemur for nedkjørsel til p. kjeller, og dette skal sluttførast i løpet av 1. kvartal 2021. Det vil derfor pågå gravearbeid i fortauet i same periode, etter at støttemuren er etablert. Tidspunkt for asfaltering bør likevel utsettast fram til hausten 2021, for å oppnå samtidig asfaltering og gode asfaltovergangar til Breimyra-feltet.
3. Me har no utført sporingskurveanalyser for mellom Alvervegen og FV565 Alverflaten der me tek for oss inn- og utkjøring frå/til bustadfeltet og næringsområdet. Dimensjonerande køyretøy for analysane er vogntog med køyremåte A og B. Sjå teikningar for nøyaktige mål.
  - a) **Sporingskurve 1 - Teikning nr. B91:**
    - Sporingskurve 1 tek for seg innkjøring frå nordvest, der dimensjonerande køyretøy kjem i konflikt med trafikkøy for å halde seg innanfor veggant.
    - Køyremåte B.

b) Sporingskurve 2 - Teikning nr. B92:

- Sporingskurve 2 tek for seg innkøyring frå nordvest, der dimensjonerande køyretøy kjem utanfor veggant for å unngå konflikt med trafikkøy.
- Køyremåte A.
- Denne er ikkje gjennomførbar grunna konflikt med fotgengarundergang.

c) Sporingskurve 3 - Teikning nr. B93:

- Sporingskurve 3 tek for seg utkøyring mot nordvest, der dimensjonerande køyretøy må nytte motsatt køyrefelt i FV565 for å unngå konflikt med trafikkøy og veggant.
- Køyremåte B.

d) Sporingskurve 4 - Teikning nr. B94:

- Sporingskurve 4 tek for seg innkøyring frå søraust, der dimensjonerande køyretøy må nytte motsatt køyrefelt i FV565 for å unngå konflikt med trafikkøy og veggant.
- Køyremåte B.

e) Sporingskurve 5 - Teikning nr. B95:

- Sporingskurve 5 tek for seg utkøyring mot søraust, der dimensjonerande køyretøy kjem i konflikt med trafikkøy for å halde seg innanfor veggant.
- Køyremåte B.

f) Sporingskurve 6 - Teikning nr. B96:

- Sporingskurve 6 tek for seg utkøyring mot søraust, der dimensjonerande køyretøy kjem utanfor veggant og må køyre på fortauet for å unngå konflikt med trafikkøy.
- Køyremåte A.

Konklusjonen frå analysane er at det berre er utkøyring mot nordvest og innkøyring frå søraust som ikkje kjem i konflikt med anten veggant eller trafikkøy.

4. Ikkje aktuelt før søknad om ferdigattest.

**Løysning på problemstilling 3:**

Ettersom det er konkludert med at eksisterande kryss ikkje kan handtere køyretøy med dimensjonerande køyretøy vogntog i alle køreretningar, bør det utbetraast/utvidast.

Dette kan løysast på to måtar:

- A. Utvide krysset, samtidig som trafikkøy oppretthaldast. Ettersom krysset ikkje kan utvidast mot kulvert og gangareal i søraust, må heile krysset flyttast mot nordvest.
  - Denne løysninga vil bli veldig omfattande og det vil føre med seg ein rekke konsekvensar:
    - Reguleringsendring av reg.plan Ikenberget Bustadfelt og reg.plan Breimyra.


- Nytt kryss kjem innanfor reguleringsplan for Breimyra og må bli etablert på areal som er regulert for naturområde. Eksisterande naturområde består av ein del fjell i dagen, så her vil det bli omfattande sprengingsarbeid.
  - Veg o\_KV1 og fortau o\_FT1 må flyttast mot vest for å fange opp ny plassering av kryss.
  - Regulert bustadfelt BB1 i Breimyra blir endra, anten ved omplassering eller at arealet blir mindre, som følgje av at vegen blir flytta.
  - Trafikkøy må flyttes.
  - Eksisterande fortau langs vegen Alverflaten FV565 blir kortare.
  - Eksisterande busshaldeplass langs nemnd fortau kjem nærmere nytt kryss, og må vurderast flytta. Dersom det skal flyttast, so må fortauet forlengast mot nordvest.
- B.** Riving av trafikkøy og visualisering av trafikkøy som oppmerking i trafikkareal istaden. På denne måte må køyretøy framleis halde seg på si side og unngå «trafikkøya», samtidig som at store køyretøy kan få tillating til å nytte heile vegarealet. Krysset vil dermed bli tilstrekkeleg for dimensjonerende køyretøy.

### **Konklusjon:**

Me anbefaler at løysning B blir vald, ettersom løysning A er for omfattande og medfører for mange konsekvensar for private utbyggjarar.

Spørsmål til brevet kan rettast til underteikna på tlf. 55 59 82 63 eller e-post halvor@haugen-vva.no.

Med venleg helsing



Halvor Fretland

### **Vedlegg:**

Sporingskurveanalyser

- Tegn. nr.      B91 – Sporingskurve 1  
                  B92 – Sporingskurve 2  
                  B93 – Sporingskurve 3  
                  B94 – Sporingskurve 4  
                  B95 – Sporingskurve 5  
                  B96 – Sporingskurve 6

### **Kopi av brev og vedlegg:**

Alver kommune - Samferdsel, veg-, vatn-, og avløp-forvaltning v/Ketil Mikkelsen

Romarheim AS v/ Kåre Romarheim

Hordaland Byggutvikling AS v/Thorleif Stendal